

TAKK FOR LIVET

Eg takkar deg for livet mitt,
for alt du til meg sende.

For alle gledene eg fekk,
for sorg til fred du vende.

Eg takkar deg for stort og smått,
for all velsigning eg har fått.

Eg takkar deg for livet mitt,
for netter og for dagar.

Som trådar i min biletvev
vert mørnsteret du lagar.

Det lyse – men det mørke med,
Ja, alt du vender til min fred.

*Takk for alt! For dette er Guds
vilje med dykk i Kristus Jesus.*

1 Tess 5,18

Ser du på livet ditt som ei gåve, og kan du takke for at du er til? Ikkje alltid kjenner me på den store takken og glede over å vakne til ein ny dag, men også dei gråe og tunge dagane er gåver frå Gud. Dei mørke trådane i biletet må til for at dei lyse skal kome til sin rett. Slik er det også i livet sin biletvev. Det er trygt å vite at det er Far som sit ved vevstolen og har full kontroll på mørnsteret.



ALDRI ALENE

Du som har Jesus, er aldri alene.
Åpen står døren så du kan gå inn.
Fri til å elske ham, øg til å tjene.
Barn får du være, han kaller deg sin.

Du som er ensom, er aldri alene,
selv om du føler deg glemt og forlatt.
Over ditt liv lyser evige løfter –
elsket av Gud, en umistelig skatt.

Du som har sorg, du er aldri alene,
men du vil kjenne på lengsel og savn.
Aldri forlater han den som han elsker;
vet når du gråter, og hvisker ditt navn.

Du som er motløs, er aldri alene,
selv når du tenker at alt er forbi.
Jesus er håpet, og lyset og livet.
Når du er tom, har han mere å gi.

Du som er sliten, er aldri alene.
Mange bekymringer tynger deg ned.
Alt det du kjemper med, bærer din Fader.
Midt under stormen vil han gi deg fred.

Du som har Jesus, er aldri alene.
Også i døden skal han bære deg.
Dødsskyggens dal skal du slippe å frykte.
Der vil han holde deg tett inntil seg.

*Jeg skal være deres far, og dere skal være mine sønner og døtre, sier
Herren, Den Allmektige.*

2 Kor 6,18

DU KJEM MED DIN FRED

Du kjem med din fred
når det stormar som verst.
Då opnar du famnen for meg.
Her kviler eg trygt
sjølv når hjarta mitt skjelv.
Eg veit eg kan lita på deg.

Du kjem med din fred
når eg ikkje kan tru
at gleda vil koma igjen.
Då gjer du eit under:
Du sender ditt ljós,
ei helsing, eit smil frå ein ven.



Du kjem med din fred gjennom tårer og gråt.	Du kjem med din fred her eg er no i dag.
Du lyfter meg opp på ditt fang. Så minner du stilt om den lovnad du gav:	Du gjev meg di himmelske ro. Eg kjenner eg kviler i alt det som skjer.
Du er her om striden vert lang.	Eg veit du er her hjå meg no.

Herren skal gje sitt folk kraft. Herren skal velsigna sitt folk med fred.

Sal 29,11

Kva tenkjer du på når du høyrer ordet fred? Du vil nok seia at det har ein positiv klang. Fred mellom nasjonar. Fred i nabolog. Fred i familierelasjonar. Fred med deg sjølv. Alt dette er viktig og godt. Men er det det viktigaste? Kva med fred med Gud? Mange lever i land med krig og tortur, men har likevel fred med Gud. Så spør du kanskje kva det vil seia å ha fred med Gud. Mange kan kjenna på indre uro, som kan ha ulike årsaker, men likevel ha fred med Gud. Du som har teke imot og trur på Jesus, du har fred med Gud same korleis du kjenner det, for den er ei gåve. Jesus er vår fred, står det i Efesarbrevet 2,14. Han skapte fred der det før var skilje mellom menneske og Gud. Så er han mektig til å gje deg den freden som varer utan omsyn til ytre forhold.



DØRA TIL LIVET

Når alle ord er brukte,
når alt er sagt frå før,
og alle vegar prøvde
og opna kvar ei dør.
Kor finn du då ei sanning
du aldri før har sett?
Og korleis kan du vita
at det du ser er rett?

Det finst ei evig sanning
når alt har smuldra bort.
Alt stort i denne verda
som har blitt sagt og gjort,
skal prøvast på det eine
som står til evig tid;
Guds ord som skapte verda,
kan du få kvila i.

Du som har prøvd det meste
og gått frå dør til dør,
og ikkje funne kvile
i det du har høyrt før.
Gå inn igjennom Døra,
slik Jesus kallar seg.
Der finn du det du søker.
Der ventar han på deg.

Eg er døra. Om nokon går inn gjennom meg, skal han verta frelst.

Joh 10,9

Ei dør fører alltid til noko nytt. Det gjeld dei dørene der du går frå eit rom til eit anna, eller du går inn og ut av huset. Me brukar av og til ei dør som metafor når til dømes ting legg seg til rette for det eine eller det andre. Det har opna seg ei dør, seier me. I motsett fall: Me møtte berre stengde dører. Kanskje har du leita etter eit kontor i ein bygning du ikkje var kjend i, utan å finna den rette døra. Då er det godt å få hjelp til å finna fram. Jesus kallar seg sjølv for Døra. Ikkje ei dør, men Døra. Han er ikkje ei av fleire rette sanningar, men den einaste. Mange leitar i dag etter ein stad å finna fred for ei uroleg sjel, utan at dei finn det dei søker. Gå inn gjennom Døra til Livet! Det er Jesus og berre han.



BERRE NÅDE

Har Jesus bore synda, då er ho ikkje di.
Er skuldbrevet ditt sletta, då må du vera fri.
Men likevel så strevar du med å bli så god
at Gud kan ta imot deg forutan Jesu blod.

Den største synda er at du ikkje trur hans ord;
at Jesus er ei soning for alle folk på jord.
Kor kan du snu deg bort ifrå slikt eit gåvebrev,
og heller setja lit til ditt eige slit og strev?

Guds nåde, det er ikkje at Jesus gjorde sitt –
så er det opp til deg om du greier gjera ditt.
Nei, nåde er at Jesus betalte skulda di,
og gav deg all si rettferd som du får leva i.

I dag kan du sei takk! Og så kjem du slik du er.
Då tek han varmt imot deg, din Far som har deg kjær.
Han lyfter frå di skulder di heimelaga tru,
og ber deg inn i nåden. Der vil han du skal bu.



*For av nåde er de frelseste, ved tru. Og dette er ikkje av dykk sjølve,
det er Guds gave.*

Ef 2,8

Har du stått og sett på ein nydelig brurekjole med perler og blonder og tenkt at du gjerne skulle ha klipt og sydd litt på han her og der? Sjølvsagt har du ikkje det. Kjolen er så perfekt og fullkommen at du nesten ikkje vågar å nærma deg han, langt mindre begynne å klippe og sy i han. Men har du nokon gong tenkt at du må gjera noko med bryllupskjolen Jesu har gitt deg? Merkeleg spørsmål, synest du kanskje, men er det ikkje nettopp det me ofte gjer når me tvilar på at det Jesu gjorde for oss er fullkomment nok? Det ligg snublante nær å komme inn i den tanken at Jesus har gjort sitt, men eg må gjera mitt. Evangeliet seier at alt er ferdig. Jesus sa det sjølv då han hang på krossen: «Det er fullført!» Det er ikkje fullført når det er halvgjort eller litt igjen å gjera. Ta Jesus på ordet og tru det – det er fullført og fullkome det Jesus har gjort for deg. Bryllupsdrakta er perfekt! Kle deg i henne, og gled deg i henne! Ho er di!